



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgne sand
Postboks 62
6801 Førde
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: 23.09.2008.

Eit par viktige ting frå jorbruksavtala.

Kjekjøt:

Nedre vektgrense for kje levert til slakteri som det blir gitt tilskot til over jordbruksavtala er heva frå 3,5 – 5,0 kg.

Samstundes vart satsen pr kje heva frå kr. 63,00 – kr 80,00.

Den nye vektgrensa på 5,0 kg gjeld ikkje for kje levert i 2008.

Obs: Dette gjeld also vektgrense for å få tilskot og må ikkje forvekslast med slakterisamyrkje si vektgrense, den er framleis minimum 3,5 kg

For å få tilskot må tal kje levert til slakteri oppgjevast på januarsøknaden om produksjonstilskot.

Geitmjølkeproduksjon:

Frå 01.01.2010 vil det vere muleg å leige/leige bort geitmjølkkvote. Regelverket er ikkje ferdig enno men nokre ting er avklara.

- For at kvote skal kunne leigast bort må det ha vore mjølkeproduksjon på bruket i minst 2 av dei tre siste åra.
- Leige må føregå innafor omsetjingsregionen
- Samla kvote for bruket (eigd + leigd) kan ikkje overstige 200 000 liter geitemjølke
- Samdriftsføretak og medlem i samdrift kan ikkje leige/leige bort kvote
- Eigar av landbrukseigedom med mjølkekvote kan leige kvote
- Eigar av landbrukseigedom med aktiv mjølkekvote kan leige ut kvote
- Kvota kan delast på fleire leigetakarar
- Minimumsperiode for avtale om kvoteleige er 5 år
- Minste leigekvantum er 800 liter geitemjølke
- Leigeforholda skal godkjennast av Statens landbruksforvaltning
- Prisen for kvoteleiga blir ikkje regulert og kan avtalast fritt mellom utleigar og leigar

----- 000 -----